

Moster sogelag  
Postboks 15  
5447 Mosterhamn

Hordaland fylkeskommune  
23 NOV 2016

Mosterhamn, 21.11.2016  
Dykkar ref. 2016/4914-67

Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid 2016**


Viser til vedtak 14.09.2016, PS 120/16 om tildeling tilskot kr 5000 til Moster sogelag som vi takkar for.

Søknaden galdt utgjeving av nytt årshefte/årbok i 2016. Pga av langvarig sjukefråvere for både leiar og nestleiar har det ikkje vore kapasitet til å gje ut årbok som planlagt.

I samband med 70 år sidan krigen slutta, bestemte vi i 2015 og lage ei temautstilling med presentasjon av lokale personar i Bømlo som var aktive i motstandsarbeidet under krigen. Vidare samla vi inn anna materiale og informasjon som var relevant. Utstillinga blei svært godt motteke og vi har vald å ha den permanent. Utgifter knytt til utstillinga var ca kr 14000 i tillegg kom mange dugnadstimar for å få den på plass.

Vi ber difor om at tildelt tilskot kr 5000 kan gå til dette prosjektet sidan utgjeving av årbok ikkje var muleg i år.

Med helsing  
Moster sogelag

  
Marit Ingvaldsen  
sekretær / fung. leiar